

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 17/2018, 14. DESEMBER 2018.

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

VI ØNSKJER ALLE TILSETTE, STUDENTAR OG SAMARBEIDSPARTAR EI GOD JUL OG EIT GODT NYTT ÅR!**ARBEIDSTIDER OG OPNINGSTIDER FOR HØGSKULEN I JULA**

Sentralbordet er bemanna og Høgskulen har følgjande opningstider i jula:

24.12.2018: Stengt

27.12.2018: 10:00 – 14:00

28.12.2018: 10:00 – 14:00

31.12.2018: Stengt

Biblioteket er meirope også i romjula (27.-28.12.).

SUKSESS FOR MEIROPE BIBLIOTEK - HUNDREVIS AV STUDENTAR NYTTAR ORDNINGA

Ordninga med meirope bibliotek har vorte godt teke i mot av studentane og biblioteket er mykje brukt også på kvelds- og helgetid. Til dømes har det vorte registrert over 200 brukarar av biblioteket dei siste søndagane då eksamenslesinga sikkert var inne i ein intens fase.

NYBYGGET: BREI MEDIEOMTALE AV PROSJEKTET

Arbeidet med nybygget med arbeidsnamnet "Sivert Aarflot-huset" tok eit stort steg framover då det fredag 7. desember vart offentleggjort at det var LINK Arkitektur og PEAB Nordang som vann anbudskonkurransen. Høgskulestyret hadde dagen før i eit lukka møte også slutta seg til vurderinga frå evalueringsgruppa og Statsbygg.

HVO: <https://www.hivolda.no/nyhende/nytt-mediehus-ved-hogskulen-volda-expo-vann-konkurransen>

Sunnmørsposten: <https://www.smp.no/nyheter/2018/12/07/%C2%ABOpe-moderne-og-kult%C2%BB-18028866.ece>

Møre: <https://mre.no/nyhende/slik-vert-sivert-aarflot-huset/19.6442>

Møre-Nytt: <https://www.morenytt.no/nyheiter/2018/12/07/Slik-vert-det-nye-mediehuset-i-Volda-18023045.ece>

Statsbygg: <https://www.statsbygg.no/Nytt-fra-Statsbygg/Nyheter/2018/Slik-blir-det-nye-mediehuset-i-Volda/>

Khrono: <https://khrono.no/campusutvikling-hogskulen-i-volda-journalistutdanning/volda-satser-stort-pa-nytt-mediebygg/252101>

Journalisten: <https://journalisten.no/audhild-gregoriusdotter-rotevatn-hogskulen-i-volda-per-hasle/slik-blir-det-nye-mediehuset-i-volda/343446>

Link arkitektur / PEAB Nordang:

https://www.instagram.com/p/BrPskuyhEQ/?utm_source=ig_twitter_share&igshid=qdyff89svqsk

NYBYGGET PÅ STORTINGET: VERBAL STØTTE, MEN IKKJE FLEIRTAL FOR PENGELOVNAD

Utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget har merka seg planane om å byggje nytt mediehus og har nemnt planane i komiteinnstillinga til statsbudsjettet som komiteen gav 5. desember 2018. Det er kjekt å sjå at ein samla komite slår fast: "Komiteen viser til at Høgskulen i Volda har lange tradisjoner for medieutdanning av høy kvalitet." Eit mindretal i komiteen samansett av Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti røysta for ein merknad der regjeringa vart oppmoda til å løyve midlar til medieteknisk utstyr i 2020-budsjettet, men dette framlegget fekk altså ikkje støtte frå dei andre partia. Siste del av framlegget frå Ap, SP og SV ser slik ut: " ... det er nødvendig med en engangsbevilgning til inventar og utstyr i det nye mediebygget ved Høgskulen i Volda.

Disse medlemmer ber regjeringen om å komme tilbake senest i statsbudsjettet for 2020 med en bevilgning til Høgskulen i Volda til oppgradering og investeringer i medieteknisk utstyr og inventar, i samband med kurantprosjektet Mediebygg 2020."

Les meir om komitebehandlinga på Stortingets nettsider: <https://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2018-2019/inns-201819-012s/?m=7>

Slik saka står no skal planane for nybygget til departemental vurdering før saka vert lagt fram for regjeringa for endeleg vedtak gjennom eit regjeringsnotat våren 2019. Så høgskulen arbeider vidare inn mot budsjettet for 2020 for å få gjennomslag for løyvinga.

NYBYGGET: LEIGEAFTALE MED STATSBYGG

Høgskulen i Volda og Statsbygg har no underteikna leigeavtale om "Mediabygget" for 20 år frå ca 1.1.2021. Leiga er på ca kr 15 mill pr år frå 2021, og skal seinare aukast i takt med konsumprisindeksen. Husleiga er sett ut frå ein byggjekostnad på kr 201 mill. Høgskulen skal også betale ca kr 450.000 pr år til Statsbygg for drift og vedlikehald og høgskulen betalar sjølv for straum.

NYBYGGET: INNSPEL TIL REGJERINGSNOTAT ER SENDT KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

Direktør Per Halse har no sendt høgskulens framlegg til regjeringsnotat til Kunnskapsdepartementet (KD). Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal i fellesskap kvalitetssikre prosjektet og vil deretter legge det fram for regjeringa for endeleg avgjerd. Det vil venteleg skje i februar/mars. Denne framgangsmåten er i tråd med retningslinene for kurantprosjekt. Kurantprosjekt er prosjekt der institusjonane sjølve dekkjer kostnadene innanfor eige budsjett. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Retningslinjer-kurantprosjekter/id2340398/>

HØGSKULESTYRET: SKAL VURDERE Å MINKE TALE PÅ STYREMEDLEMMER

På førre møte i høgskulestyret vart det vedtatt å utgreie om talet på medlemmer i høgskulestyret skal endrast frå dagens 11 representantar. Saka kjem opp på neste styremøte i mars. Bakgrunnen for forslaget er at eit mindre styre kanskje kan fungere betre enn eit større styre. Høgskulestyret kan etter universitets- og høgskuleloven sjølv bestemme kor mange styremedlemmer det skal ha, men på visse vilkår som blant anna handlar om representasjon av ulike grupper. Det mest aktuelle alternativet til 11 medlemmer er antakelig 9 styremedlemmer. Neste styreperiode tek til 1. august 2019. Våren 2019 skal det veljast styremedlemmer frå tilsette og for studentar, og så skal Kunnskapsdepartementet peike ut eksterne medlemmer av styret. Eit utval i høgskulestyret samansett av Terje Heggem, Jens Standal Groven og Sara Brevik Bergland skal kome med framlegg til nye eksterne styremedlemmer. Meir om høgskulestyret på våre nettsider: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/hogskulestyret>

HØGSKULESTYRET: 20 ÅRS LEIGEAFTALE FOR IDRETTSBYGGET - MEN IKKJE SYMJEHALLEN

Høgskulestyret vedtok i førre styremøte å inngå ein ny husleigeavtale for idrettsbygget for 20 år framover frå 2021. Statsbygg planlegg no korleis symjehallen skal rivast og korleis idrettsbygget kan byggast om.

HØGSKULESTYRET: NYTT VALSTYRE ER UTPEIKA FOR 2019-2023

På styremøte 6.12.2018 vart følgjande valstyre utpeika for åra 2019-2023: Fagleg tilsette: Chalak Kaveh, Kristin Hatlebrekke og Gaute Hareide. Vara: Helga Løvoll, Øyvind Halse og Ellen Andenes. Teknisk/administrativt tilsette: Mona-Cesilie Andersen og Bjørnar Haddal. Vara: Kirsti Langstøyl og Rune Mo. Mona-Cesilie Andersen er utpeika som leiar av valstyret og Chalak Kaveh som nestleiar. Valstyret har ansvaret for å gjennomføre val til alle verv i høgskulestyret. <https://www.hivolda.no/val>

NY PROFESSOR PÅ HØGSKULEN I VOLDA: SIV MÅSEIDVÅG GAMLEM HAR BLITT PROFESSOR I PEDAGOGIKK

Siv Måseidvåg Gamlem (AHL) har fått opprykk frå førsteamanuensis til professor på fagområdet pedagogikk etter kompetansevurdering. Gamlem disputerte i 2014 ved Universitetet i Stavanger på ei avhandling med tittelen «Tilbakemelding som støtte for læring på ungdomssteget». Ho har etterpå gjeve ut fleire bøker og forskingsartiklar og leia og delteke i fleire forskingsprosjekt, og fekk også i 2018 FoU-prisen ved Høgskulen i Volda. <https://www.hivolda.no/tilsette/institutt-pedagogikk/siv-therese-maseidvag-gamlem>

GERD SYLVI STEINNES HAR DELTEKE I EKSPERTUTVAL OM BARNEHAGELÆRARROLLA

Førsteamanuensis Gerd Sylvi Steinnes (AHL) og professor II Kjetil Børhaug (UIB/HVO) har begge vore med i Kunnskapsdepartementet sitt ekspertutval som har kome med råd om korleis barnehagelærarrolla kan styrkast som profesjonsrolle. Steinnes disputerte i 2014 på ei avhandling om rolla som førskulelærer. <https://www.hivolda.no/tilsette/institutt-pedagogikk/gerd-sylvi-steinnes> Kjetil Børhaug var også leiar av utvalet. <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/gerd-sylvi-steinnes-med-nasjonal-ekspertgruppe>

MÅSEIDVÅG GAMLEM SKAL GJE RÅD OM FRAMTIDAS EKSAMENAR

Kunnskapsdepartementet har peika ut Professor Siv Måseidvåg Gamlem ved Høgskulen i Volda som eitt av medlemmene i ei ekspertgruppe som skal gje råd til departementet og Utdanningsdirektoratet om korleis eksamen i grunnskule og vidaregåande skal bli i framtida. Utvalet skal vurdere eksamensordningar i høve til omleggingar av utdanningane og den teknologiske utviklinga. Arbeidet skal vere ferdig i januar 2020. <https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/med-nasjonal-arbeidsgruppe>

HØGSKULEN I VOLDA HAR BLITT MED I IKUBEN

På styremøte i iKuben 10. desember vart Høgskulen i Volda teken opp som medlem i NCE iKuben. NCE iKuben er eit tverrindustrielt og tverrfagleg nettverk som har hovudkontor i Kunnskapsparken ved Høgskolen i Molde. Lokalt er iKuben representert ved Kjersti Kleven som held til i Ulsteinvik. Dei mest aktuelle samarbeidsområda er arbeidsgrupper innanfor Kommunikasjon, Innovasjonsmetodikk og ONA (Samarbeid mellom offentleg verksemd, næringsliv og akademia).

<https://www.hivolda.no/nyhende/hogskulen-volda-er-ny-deltakarbedrift-nce-ikuben>

ARK-UNDERSØKINGA: DELTAKING OG RESULTAT NÆR LANDSGJENNOMSNITTET FOR HVO

Dei tilsette på Høgskulen i Volda har i 2018 delteke i arbeidsmiljøkartlegginga ARK. Det er NTNU som har det faglege ansvaret for opplegget. Dei overordna resultatata syner at tala for Høgskulen i Volda er nokså like resten av høgskulesektoren. Det var ca 63 prosent av dei tilsette som svarte på spørsmåla i undersøkinga, og det er litt under landsgjennomsnittet. Resultata frå ARK blir presenterte og drøfta på aktuelle einingar i tråd med planen vedtatt av Arbeidsmiljøutvalet (AMU):

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/259431?agendaltemId=202867>

SJÅ FRAMDRIFTA I ARBEIDET MED NYE STUDENTHEIMAR PÅ HELTNE:

Studentsamskipnaden har gjeve kontrakten på bygginga av nye studentheimar på Heltne til Veidekke og blant underleverandørane er Volda maskin. Følg utbygginga minutt for minutt - eller faktisk vert bilde frå byggeplassen oppdatert to gonger i minuttet: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

SLUTTAR ETTER 42 ÅR PÅ HØGSKULEN

Geir Humberstet pensjonerer seg ved årsskiftet, og med det vil ein verkeleg veteran på Høgskulen i Volda takke for seg. Geir Humberstet har då arbeidd i heile 42 år ved Volda lærarhøgskule og seinare ved Høgskulen i Volda. Han har vore tilsett både som høgskulelærer, høgskulelektor, kontorsjef og i fleire administrative stillingar ved høgskulen. Dei siste åra har han arbeidd som koordinator av PPU (Praktisk pedagogisk utdanning) ved høgskulen. Geir Humberstets nettside ved Høgskulen i Volda:

<https://www.hivolda.no/tilsette/praktisk-pedagogisk-utdanning/geir-humberstet>

25 ÅR SOM TILSETT PÅ HØGSKULEN I VOLDA

I samband med julemarkeringar på avdelingar og i fellesadministrasjonen får 9 tilsette ei lita gåve som markering av at dei har vore tilsette i 25 år ved Høgskulen i Volda. Dei 9 er desse: Nils Magne Magerøy, Hans Martin Dypvik, Ola Magne Einang, Leif Bjørn Skorpen, Anne Sylvi Øie, Bente Mari Afset, Arne Kjell Redse, Rune Asbjørn Mo, Ingunn Elisabeth Teigen Blindheim.

ENDRINGAR I PERSONALET VED HØGSKULEN

Heidi Fagna har vorte tilsett som stipendiat ved AMF frå august 2018. Berge Myrene har fått fast tilsetjing ved AMF. Mona Iren Auganæs har teke til som biblioteksjef. Silje Klepp har teke til i stilling som førstetekonsulent ved dokumentsentret. Ingvild Myklebust Hovden har teke til i årsvikariat som rådgivar på Nynorsksentret. Randi Myklebust (AHL) har fått opprykk til førsteamanuensis. Siv Måseidvåg Gamlem har fått opprykk til professor.

OPPRYKKSMARKERING PÅ REKKEDAL 24. JANUAR 2019

I åra 2016-2018 har i alt 25 av dei noverande faglege tilsette på Høgskulen i Volda fått faglege opprykk til førstelektor, førsteamanuensis, dosent eller professor. Dei 25 blir no inviterte til ei markering på Rekkedal Gjestehus torsdag 24. januar 2019. Slike markeringar har høgskulen tidlegare hatt i 2014 og 2016. Blant dei 25 er det 11 førsteamanuensar, 6 professorar, 5 førstelektorar og 3 dosentar og alle avdelingar er representert. Omtale av opprykksmarkeringa i 2015: <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/opprykkmarkering-ara-2014-2015>

PÅMINNING: FRIST FOR REGISTRERING AV FAGLEGE ARBEID - 15. JANUAR

Seinast 15. januar 2019 må fagtilsette ha registrert FoU-arbeid frå 2018 i Cristin.

<https://wo.cristin.no/as/WebObjects/cristin.woa/wa/registrering?la=no>

PÅMINNING: UTLYSING AV FOU-STIPEND FOR 2019 OG 2020

Forskningsadministrasjonen har lyst ut FoU-stipend for 2019 og 2020. Dei som ønskjer å få FoU-stipend for hausten 2019 må søkje innan 1. februar. Dei som ønskjer å få FoU-stipend for 2020 (vår eller haust) må søkje innan 30. april. Felles nettside med lenkje for begge utlysingane:

<https://www.hivolda.no/forskning/stotteordningar/fou-stipend/sok-pa-fou-stipend>

PÅMINNING: FRIST FOR SAMANDRAG (ABSTRACT) TIL FJORDKONFERANSEN ER 1. MARS 2019

Nettsidene til Fjordkonferansen vert no oppdaterte, og fristen for innsending av samandrag (abstract) til innlegg på Fjordkonferansen 2019 er sett til 1. mars 2019. Tema for konferansen er som kjent digitalisering. Høgskulen i Volda har teke på seg ansvaret for administrativ samordning av Fjordkonferansen for dei neste fire åra, i samarbeid med Høgskolen i Molde, NTNU i Ålesund og Høgskulen på Vestlandet. Nettsidene til Fjordkonferansen: www.fjordkonferansen.no

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre:

<http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

21.1.2019: Møte med Volda kommune og andre interessentar om utvikling av høgskuleområdet

24.1.2019: Opprykksmarkering for fagleg tilsette for åra 2016-2017-2018 (Rekkedal gjestehus)

24.-25.1.2019: Fagdag i geriatri (i samarbeid med Helse Møre og Romsdal, Sjustjerna helse og omsorg)

6.2.2019: Internasjonal dag. <https://www.hivolda.no/en/international/international-week-international-day>

14.2.2019: HMS-dag. Tema: Seksuell trakassering.

7.3.2019: Styremøte nr 1/2019

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning)

<https://www.hivolda.no/its-volda>

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggstart for Sivert (Mediehuset)

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

6.12.2018: [Orientering til styret, styremøte 7/2018, 6. desember 2018 *](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering:

<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>